

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 10. Lynging og mosing.

Fylke: Rogaland.

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Hjelmeland.

Emne: Lynging og mosing.

Bygdelaq: Heile Hjelmeland.

Oppskr. av: Anund Ramsfjell.

Gard:

(adresse): Hjelmeland.

G.nr.

Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Har spurt Jakob Gunnufsen, f. 3/8, 1871. Tømmermann.

SVAR

Folket her dreiv nokså mykje med å lyngja før, nå er det mykje mindre. Serleg når våren kjem seint, og det vert forknipa, må folket avstad og finna lyng i vår tid og. Han vert skoren med sigd eller slegen med ljà. Både menn og kvinner driv dette arbeidet. Oftast vart han borenpå ryggen heim etter børatog, fengd og lesst som hø. Det var helst om hausten dei lyngja, han var best då. Dei fekk han heim straks, la han i sta og trødde godt til, for at han ikkje skulle turka. Både sauer, geiter og kyr fekk lyng, eit mål for dagen, stundom med litt mjøl på. Han vart gitt slixx som dei hadde skore han. Omlag 100 borrar matte til skulle det vera nok til 5 kyr og 20 sauer og geiter. Me reknar lyng som naudfor eller hjelpefor. Er det bra ver om vintrane så går småkrøtera (sauer og geiter) ute kvar dag. Ja, stundom også naut, serleg gjeldnaut. På den måten spærer dei folket for dette arbeidet. Dette er vanleg måte å beita på her. Godt for er det nok ikkje, men det fyller, og dyra held seg friske av dette. Mose veit me ikkje er brukt som for her.